

# Arbeidsnotater

S T A T I S T I C K S E N T R A L B Y R Å

Dronningens gt. 16, Oslo - Dep., Oslo 1. Tel. 41 38 20

IO 74/40

15. oktober 1974

## REGIONALE VARIASJONAR I FERTILITETEN I NORGE OMKRING 1970

av

ERLING BERGE\*

### INNHOLD

	Side
1. INNLEIING .....	1
1.0 Samandrag .....	1
1.1 Prosjektet .....	1
1.2 Terminologien .....	2
1.3 Regioninndelinga .....	4
1.4 Rapporten .....	4
2. TEORETISKE MERKNADER .....	5
2.0 Innleiring .....	5
2.1 Ressursar .....	5
2.2 Normer, verdiar og samfunnsstruktur .....	5
2.3 Den rasjonelt handlande kvenna .....	6
2.4 Den impulshandlande kvenna .....	6
2.5 Sosiale normer og handlingsval .....	6
2.6 Konklusjon .....	6
3. VARIASJON I FERTILITETEN MELLOM FYLKA .....	7
3.0 Litt om fertilitetsparametrane og datagrunnlaget .....	7
3.1 Fylka i landssamanhang .....	7
3.2 Fertilitetsnivået i fylka .....	9
3.3 Fertilitetsmønsteret i fylka .....	13
3.4 Samandrag .....	20
4. VARIASJON I FERTILITETEN MELLOM FERTILITETSOMRÅDE .....	21
4.0 Innleiring .....	21
4.1 Fertilitetsnivået i fertilitetsområda .....	21
4.2 Den modale fødealderen i fertilitetsområda .....	23
4.3 Fertilitetsmønsteret i fertilitetsområda .....	25
4.4 Samandrag .....	26
5. FERTILITETEN ETTER TYPE AV FERTILITETSOMRÅDA .....	27
5.0 Innleiring .....	27
5.1 Fertilitetsnivået i fertilitetsområde av ulik type .....	27
5.2 Modal fødealder i fertilitetsområde av ulik type .....	30
5.3 Samandrag .....	30
Litteratur .....	31
Appendiks A. Oversiktstabellar .....	32
Appendiks B. Forslag til gruppering av kommunene i fertilitetsområder av Arne Rideng .....	38

\* Eg vil takke Arne Rideng, Lars Østby og Per Sevaldson for hjelp og kommentarar under arbeidet med manuskriptet. Eg vil òg takke Jan M. Hoem for veileding og samarbeid sidan arbeidet med prosjektet starta, og Liv Hansen for dei mange figurane ho har teikna.

## 1. INNLEIING

### 1.0 Samandrag

Dei store regionale skilnadane i Norge både i samfunnsstruktur og fertilitet gjer det mogeleg å studere samanhengen mellom fertilitet og samfunnsstruktur med enkle analysemетодar. I dette arbeidet har vi valgt å nytte regioninndelingane fylke og fertilitetsområde (sjå appendiks B).

Variasjonane i fertiliteten synereit tydeleg sentrum-periferimønster. Når vi skal freiste å seie noko om årsakene til dette, prøver vi å sette fertilitetsåtferda inn i ein totalsamanheng der både kulturelle særdrag og matrielle vilkår formar levemåten i dei ulike samfunnstypane.

Vi skil mellom fertilitetsmønster og fertilitetsnivå (sjå avsnitt 1.2 for definisjon av omgrepa). Det er til dels ulike faktorar som synest å vere viktige for nivået og for mønsteret av fertiliteten i eit område. Fertilitetsnivået synest å vere sterkare avhengig av dei matrielle levevilkåra enn fertilitetsmønsteret. Ein indikator som blir sett som viktig er det ein kan tolke som prisen på den tida kvinnene har rådvelde over (sjå t.d. Schultz (1974) og Berge (1974c)).

Fertilitetsmønsteret synest direkte å vere avhengig av befolkningsstrukturen. Ein viktig indikator her vil vere kjønnsproporsjonen mellom dei ugifte. Ein særleg skeiv kjønnsproporsjon vil ofte vere eit resultat av urbaniseringsprosessen sidan det er stor skilnad i flytteåtferda for personar med ulik alder, kjønn og sivilstand (Østby, 1970). Grad av urbanisering er eit viktig kjenneteikn ved samfunnsstrukturen. Svært mange faktorar varierer saman med den.

Vi har nytta prosentdel av befolkninga som bur i tettbygde strøk (sjå kommunehefte frå folketellinga 1970 for presis definisjon) til indikator på urbanisering. For å gi ein peikepinn om matrielle tilhøve har vi tatt ein indeks fra det regionale nasjonalregnskapet for 1965 (NOS A 376) som viser kor stor del av landets private konsum som fell på befolkninga i fylket justert for befolkningsstorleiken. Begge indikatorane viser negativ samanheng med fertilitetsnivået. For å vise samanhengen mellom fertilitetsmønster og befolkningsstruktur samanliknar vi modal fødealder med ein aldersspesifikk kjønnsproporsjon. Samanhengen er klar nok, men avvika fra hovedtendensane både for fertilitetsnivået og for fertilitetsmønsteret set oss på sporet av karakteristiske fertilitetskurver for dei ulike landsdelane. Desse mønstra har truleg samanheng med kulturelle særdrag i dei ulike landsdelane.

Tabell 1.1. Fertilitetsmønster i ulike regionar.

		SAMLA FERTILITET	
		Låg	Høg
MODAL FØDEALDER	Låg	Aust-Norsk mønster	Nord-Norsk mønster
	Høg	Storby- mønster	Vest-Norsk mønster

### 1.1 Prosjektet

Frå 1971 har det i Sosio-demografisk forskningsgruppe i Statistisk Sentralbyrå vore i gang arbeid med å studere estimeringsproblem i samband med regionale skilnader i fertiliteten. Meininga var å komme fram til sikrare estimat av fødselsrater for befolningsprognosane, og samtidig å få ei aning om kva faktorar som ligg bak dei til dels store regionale variasjonane i fertiliteten. I første rapporten fra prosjektet "Samfunnsstruktur og fruktbarhet" (Berge, 1973), vart det avdekkja større estimeringsproblem enn det ein først hadde gått ut fra. Desse problema er no på det nærmeste avklart (sjå Berge (1974b), Hoem og Berge (1974a og b) og Berge og Hoem (1974)).

## 1.2 Terminologien

Vi har framfor brukta ord som fertilitetsnivå og fertilitetsmønster. Med omgrepet fertilitetsnivå ønskjer vi å uttrykke om talet på fødslar er stort eller lite i høve til talet på kvinner i fødedyktig alder. Vi skal her nytte eit estimat av det samla fertilitetstalet som mål på fertilitetsnivået. Det samla fertilitetstalet kjem fram ved å summere dei aldersspesifikke fødselsratene for alle kvinner. Ei tolking av dette måletalet seier at det gir oss talet på barn ei kvinne vil få dersom ho gjennomlever heile den fødedyktige aldersperioden og år for år føder i samsvar med dei aldersspesifikke fødselssannsynighetene som gjeld på det tidspunkt vi estimerer fødselsratene. I Norge i dag svarar t.d. nullvekst i befolkninga på lang sikt (eit nettoreproduksjonstal på 1) til eit samla fertilitetstal på ca. 2,1.


Når vi talar om fertilitetsmønster, tenker vi særleg på korleis fødslane er fordelt etter alderen til mora. Vi nyttar tre størrelsar for å karakterisere aldersfordelinga av føslane. Desse tre størrelsane kallar vi utover for modal fødealder, gjennomsnittleg fødealder og varians (i fordelinga av fødselsratene etter alder).

Modal fødealder gir oss den alderen der kvinnene har størst sjanse for å føde barn. Gjennomsnittleg fødealder eller forventa alder ved fødselen gir oss den gjennomsnittlege alderen for alle føslane ei kvinne opplever dersom ho gjennomlever den fødedyktige aldersperioden og føder med dei fødselssannsynighetene som gjeld på observasjonstidspunktet. I denne situasjonen vil den også gi generasjonslengda. Variansen gir uttrykk for spreiainga av fødselssannsynheten på dei einskilde aldersklassane.

Dei tre parametrane som karakteriserer fertilitetsmønstret blir saman med det samla fertilitetstalet kalla for fertilitetsparametrane. Det grafiske biletet vi får når vi teiknar inn estimerte fødselsrater i eit aksesystem der alder er horisontal akse, kallar vi ei fertilitetskurve.

I figur 1.1 ser vi dei observerte fødselsratene saman med den estimerte fertilitetskurva for fertilitetsområde nr. 59 (for definisjon av fertilitetsområde sjå avsnitt 1.4 og appendiks B) som er samansett av kommunane Sunndal, Meråker, Verran og Rana. Parameterestimata står i tabell 2 i appendiks A.

Fertilitetsparametrane og dei estimerte fødselsratene har vi estimert fra aldersspesifikke fødselsrater ved å glatte dei med ein såkalla Hadwigerfunksjon. Det metodiske grunnlaget er omtala i dei publikasjonane som er nemnt i avsnitt 1.1.



### 1.3 Regioninndelinga

Vi har estimert parametrar for to regioninndelingar. Den eine er fylke. Den andre er fertilitetsområde. Inndelinga etter fylke vart valgt først og fremst fordi det er publisert mye lett tilgjengelege opplysningar for fylka. Med den enkle analysemетодen som er valgt, kravde denne regioninndelinga lite ekstraarbeid.

Fertilitetssområda er grupper av kommunar, der grupperinga særleg er laga for å gi grunnlag for estimering av fødselsrater til bruk i framskrivinga av folkemengda. Områda er definert slik at det blir liten variasjon i fertiliteten innan eit område samanlikna med variasjonen mellom områda, noko som berre i liten grad gjeld fylka. Grupperinga er gjort på grunnlag av næringsstruktur og geografisk plassering. Ein har òg teke omsyn til om kommunane har netto inn- eller utflytting. Kvart område vil typisk ha 30- til 50-tusen innbyggjarar. Grupperinga er gjengitt i appendiks B.

Vi har allikevel ikkje her fullt ut kunna dra nytte av dei meir presise estimata av fertiliteten fordi tilrettelegging av data for fertilitetsområde ville kreve for mye arbeid. Vi har i ein viss mon kunna dra nytte av ein tidlegare rapport (Berge, 1973). Men på grunn av endringar i grupperinga av kommunane til fertilitetsområde, får vi ikkje full nytte av den. Når vi likevel tar med ein analyse der vi nyttar inndelinga i fertilitetsområde, er det for å sjå om vi kan utfylle resultata vi finn for fylka.

### 1.4 Rapporten

I denne framstillinga skal vi nytte regionale estimat av fire fertilitetsparametrar til å studere enkle samanhengar mellom samfunnstype og fertilitet. Vi tar i kapittel 2 til med nokre merknader til dei åtferds-modellane som kan tenkast å bli nytta til å forklare dei handlingane vi observerer resultatet av som fertilitetsnivå og fertilitetsmønster. I kapittel 3 tar vi for oss variasjonen i fertilitet mellom fylka. For å vise samvariasjonen mellom fertilitetsnivå og samfunnsstruktur nyttar vi variablar som prosentdel bosatte i tettbygde strøk (sjå komonnehefte fra folketeljinga i 1970 for presis definisjon) og privat konsum pr. innbyggjar i fylket sett i høve til landsgjennomsnittet. Fertilitetsmønstret er òg avhengig av samfunnsstrukturen, men meir indirekte som t.d. gjennom kjønnsproporsjon mellom ugifte og normer for samliv og ekteskap. I kapittel 4 nyttar vi ei inndeling av kommunane i fertilitetsområde til analyseining for å sjå om vi ved det kan kaste meir lys over resultat fra kapittel 3. I kapittel 5 nyttar vi Byråets kommuneklassifisering (Rideng, 1974) som grunnlag for ei klassifisering av fertilitetsområda for å sjå korleis fertiliteten varierer innan og mellom dei ulike typene av fertilitetsområde.

I appendiks A har vi tatt med oversiktstabellar for fertilitetsparametrane for fylka og fertilitetsområda. For fylka er der også tabellar for utviklinga av fertilitetsparametrane over tid fra 1968 til 1973. I appendiks B har vi tatt med Ridengs gruppering av kommunar til fertilitetsområde. Både for kommunane og fertilitetsområda har vi tatt med typen.

## 2. TEORETISKE MERKNADER

### 2.0 Innleiing

I ein analyse av årsakene til at vi finn variasjonar i fertiliteten anten mellom individ eller mellom regionar, kan vi nærme oss problemet både frå individets synsstad og frå samfunnets synsstad.

I den grad det skjer medvetne valg vil ei avgjerd om å føde eit barn i siste omgang ligge hos det einskilde paret. For ein teori om årsakene til ei avgjerd synest det naturleg å starte med den eininga som tar avgjerda. Vi skal sjå på fertilitetsåtferda ut frå familiens eller meir spesielt ut frå kvinnas synsstad. Eit vilkår for å kunne gjere dette når det gjeld fertiliteten er at ein trur menneska tenker og handlar rasjonelt når det gjeld prevensjon og befrukting; at dei verkeleg vurderer ulike alternativ og kostnadane av dei. Nett når det gjeld kjønnslivet, kan det vere grunn til å tvile på denne føresetnaden (sjå t.d. Presser (1974)). På den andre sida er det i gang ei utvikling der fleire og fleire nyttar prevensjon i lang tid før dei får det første barnet. Det kan derfor vere på sin plass å nytte det rasjonelle handlingsvalet som utgangspunkt for ein analyse. Etter kvart må ein kunne modifisere dette utgangspunktet slik at det passar for eit breiare og meir samansett utval av handlemåtar.

### 2.1 Ressursar

Dei ressursane ei kvinne rår over, når det er spørsmål om å føde barn, kan vi dele i tre kategoriar:

- 1) fysiologiske ressursar,
- 2) sosiale ressursar og
- 3) økonomiske ressursar.

1) Dei fysiologiske ressursane ligg i denne samanhengen først og fremst i det rådvelde kvinnen har over sin eigen kropp. Dersom ho er infekt (ikkje i stand til å få barn), kan ho gå til lege og kanskje få endra på det. Omvendt kan ho velje å bli infekt ved sterilisering. Eller ho kan regulere fertiliteten ved hjelp av preventive middel eller seksuelt fråhald.

2) Som sosiale ressursar må ein vel her først og fremst rekne ekteskapsforma. Med det meiner vi dei rettane og pliktene som barnefaren får, når kvinnen føder barnet deira. Tilhøvet til slekt og vene og til storsamfunnet er også viktig. Kva støtte kan ei kvinne vente hos slekt, vene og storsamfunn i ein situasjon der ho ønskjer å føde eit barn? Svaret på dette spørsmålet skifter frå tid til tid og frå samfunn til samfunn, det samme gjer ekteskapsforma. Begge deler må vege med når ressursane skal haldast opp mot føremoner og ulempar ved ulike handlingsval.

3) Mellom dei økonomiske ressursane finn vi det kvinnen har høve til å kjøpe for pengar: hus, mat, klede osv. Men vi vil også rekne hit arbeidskrafta hennar.

### 2.2 Normer, verdiar og samfunnsstruktur

Gjennom veksten inn i samfunnet har kvinnen tileigna seg visse normer og verdiar. Mange av desse vil vere knytte til roller som kvinne og mor, andre vil vere knytt til skolegang og arbeid, mens atter andre vil dreie seg om fritid og fest. Det særlege ønsket om å føde eit barn - som særleg interesserer oss og som dei aller fleste kvinner har - må konkurrere med ei mengd andre ønske, og det må gjerast ei prioritering.

Imidlertid lever ikkje kvinnen isolert. Ho er plassert i ein sosial samanheng der mange andre også freistar å tilpassa seg og leve eit rikast mogeleg liv. Vi kan tenke på desse andre som den sosiale strukturen kvinnen lever innanfor. Bruken av ressursane til kvinnen, skjer innanfor den sosiale strukturen, og dei kan derfor ikkje brukast vilkårleg. Utanom dei skrankane som er sett av samfunnsstrukturen, vil vi også kunne tenke oss skrankar av teknologisk eller fysiologisk art. Desse skal vi imidlertid sjå bort ifrå her.

### 2.3 Den rasjonelt handlande kvinnen

Vi tenker oss no ei rasjonell kvinne som har full kunnskap om sin eigen livssituasjon. Ho har rådvelde over visse ressursar. Ho har visse tankar om kva for verdiar som er viktige for at ho skal kunne leve eit rikast mogeleg liv og ho handlar i samsvar med ønskja sine. På kvart steg i livet hennar vil det da ikkje berre vere tidlegare avgjerder, status til ressursar og skrankar i samfunnstrukturen som er viktige for handlingsvalet, men like mye vurderingar av framtida og sjansane for at gitte handlingssekvensar skal kunne gi optimale resultat for henne.

Ein analyse med dette utgangspunktet kjem ikkje berre opp i problem med å finne data, men ein må og rekne med å få relativt store reint tilfeldige variasjonar i det observerte resultatet av handlingane ei rasjonell, fullt informert kvinne vel, sidan vurderingar av framtida er dregne inn i avgjerdsprosessen, og desse vurderingane kan variere fra tid til tid. Kanskje noko paradoksal kan desse problema bli mindre til lengre ein fjernar seg frå føresetnaden om at vi har å gjere med ein rasjonell fullt informert beslutningstakar.

### 2.4 Den impulshandlande kvinnen

Den impulshandlande kvinnen skil seg frå den rasjonelt handlande kvinnen berre ved å mangle tidsperspektiv i handlingsvala. Ho tar ikkje med langsiktige konsekvensar for livet sitt, når ho vurderer ulike handlingsval. I ein situasjon der beslutningstakaren berre tar omsyn til augneblinkens krav, vil handlingsvalet vere fastlagt aleine av ressursar og skrankar sett av samfunnstrukturen (når verdiprioriteringa er gitt).

### 2.5 Sosiale normer og handlingsval

Det synest rimeleg å tru at ein kan skille ut grupper av personar slik at den eine eller den andre av desse handlingsmodellane gjeld. Til dømes vil vi for ei gruppe der ein "impulshandlingsmodell" høver, vente å finne at fleire kvinner blir ståande i ein situasjon der dei faktisk berre har valet mellom abort, ekteskap eller å bli einsleg forsørgar enn vi vil finne i ei gruppe der den rasjonelle modellen høver. At såpass mange kvinner i dag faktisk kjem i ein slik situasjon, kan indikere at impulshandlingsmodellen passar i alle fall for ein del av befolkninga. På den andre sida er det heller ikkje vanskeleg å finne personar som synest å følgje ein nøyte utenkt livssyklus. I mange høve vil det imidlertid vise seg at det einaste desse gjer er å følgje tradisjonelle normer for livsførsel innanfor sin kultukrets.

I denne samanhengen kan det vere teneleg å gå ut ifrå at over tid vil handlingsmønster som viser seg å vere optimale for svært mange utkrystallisere seg som sosiale normer. Dermed vil handling i samsvar med normene gi eit resultat som om det var skjedd ei omfattande vurdering av livssituasjon og mogelege handlingsval. Dersom vi studerer eit etter måten stabilt samfunn der normverket er i samsvar med den sosiale røyndomen, vil vi kunne nytte den rasjonelle modellen sjølv om storparten av befolkninga ikkje går igjennom den mest omstendelege forma av avgjerdsprosessen, men vel å handle i samsvar med normverket. Men når dei sosiale endringane skjer raskt, er store, eller blir så mange at normverket ikkje lenger garanterer eit tilnærma optimalt resultat for den som fylgjer normene, vil skillet mellom dei som tenkjer igjennom problema på eiga hand og dei som følgjer normene vere viktig. Det er også i denne situasjonen at vi mest har bruk for å skjøne samanhengane i folks handlemåtar.

### 2.6 Konklusjon

På lang sikt må ein ønske seg ein meir presis handlingsmodell, enn den referanseramme vi har diskutert her. Vi kunne da ta sikte på å operere med grader av rasjonalitet og framtidsplanlegging. Vi måtte kunne trekke inn grader av tilknytning til normverket i samfunnet og individuelle variasjonar i evna til å følge ein langsiktig plan gjennom kortvarige krisesituasjonar. Vi måtte òg finne måtar til å ta omsyn til alle ressursar individet har rådvelde over og til dei skrankar som er bygd inn i samfunnstrukturen.

Om det i det heile er modeleg å komme fram til ein operasjonell modell etter desse retningslinene, så er det i alle fall langt fram. Her skal vi berre nytte tankegangane framanfor som utgangspunkt for å leite etter skilnader i aggregatvariablar som kan henge saman med skilnader i fertilitet mellom regionane.

### 3. VARIASJON I FERTILITET MELLOM FYLKA

#### 3.0 Litt om fertilitetsparametrane og datagrunnlaget

Som utgangspunkt for å studere variasjonen i fertilitetsparametrane for fylka, kan vi sjå på fertilitetsparametrane for landet totalt. I tabell 3.1 finn vi desse for perioden 1968-1971.

Berge (1974 a) har ein omtale av utviklinga i fertilitetsparametrane for landet for åra 1968 til 1972. Han viser også at observasjonane avvik systematisk fra den estimerte fertilitetskurva.

Berre for dei største fylka og fertilitetsområda kan ein eksplisitt vise tilsvarende avvik. Årsaka til det ligg i storleiken av befolkninga. I store befolkningar vil dei observerte fødselsratene ha små variansar. For at den estimerte fertilitetskurva skal kunne gi anslag på aldersspesifiserte fødselsrater med mindre konfidensintervall enn dei observerte fødselsraten har, må vi ha ein svært fleksibel modell. Hadwigerfunksjonen er ikkje fleksibel nok til at den estimerte kurva i alle høve blir betre enn observasjonane. For riktig store befolkningar (som t.d. riket) vil dei estimerte ratene i mange aldersklasser (der vi har systematiske avvik) vere klart dårlegare enn observasjonane. I små befolkningar vil imidlertid variansen til dei observerte fødselsratene vere så stor at den estimerte kurva representerer ei klar betring på alle punkt. Dette gjeld sjølv om vi veit at estimatet enno inneheld ein systematisk feilkomponent. I dette arbeidet skal vi gå ut fra at dei feil som eksisterer i estimata av fertilitetsparametrane for fylka og fertilitetsområda heile tida er små og at rangeringar ikkje vil vere påverka av feila.

Tabell 3.1. Fertilitetsparametrar for Norge estimert på data fra 1968 til 1971

Samla fertilitetstall .....	2,49
Modal fødealder .....	24,50
Gjennomsnittleg fødealder .....	26,66
Varians i aldersfordelinga av fødselsratene .....	29,07

Sum kjikvadratavvik mellom observerte og estimerte fødselsrater er her 9 031 (34 fridomsgrader). Meir om dette i (Berge, 1974 a).

#### 3.1 Fylka i landssamanhang

I tabell 1 i appendiks A har vi samla dei fylkestala som vi kan samanlikne med tala i tabell 3.1. I tabellane 3.2, 3.3 og 3.6 er fylka rangordna i same følgd etter samla fertilitet, modal føde-alder og gjennomsnittleg fødealder.

I åtte fylke er det samla fertilitetstalet lavare enn landsgjennomsnittet. Desse fylka har til saman 47,6 % av landets befolkning.

For modal fødealder er det berre fire fylke som ligg over det estimerte landsgjennomsnittet. Desse fire fylka: Oslo, Bergen, Sogn og Fjordane og Akershus har til saman berre 26,2 % av landets befolkning. Det er her mogeleg at det systematiske avviket i den estimerte fertilitetskurva for landet har gitt eit noko høgt estimat av den modale fødealderen. Dersom vi set ned estimatet på landsgjennomsnittet med så lite som 0,1 år aukar den delen av landets befolkning som bor i fylke med modal fødealder over estimatet på landsgjennomsnittet til 38,1 %. Mens modal fødealder for landet truleg er estimert for høgt, får vi for gjennomsnittleg fødealder mistanke om at den er estimert for lavt. Berre to fylke ligg under landsgjennomsnittet. Men også her vil ei relativt lita endring i estimatet av parameteren gi store utslag.

Variansen i aldersfordelinga av fødselsratene har vi ikkje laga noko eiga rangering av, men vi har tatt den med i tabell 3.2 der fylka er rangert etter samla fertilitet. Av tabellen ser vi at høgt fertilitetsnivå høyrer saman med høg variansparameter. Det er mogeleg å ta variansparameteren

som eit uttrykk for kor stor vekt fertiliteten i dei øverste aldersklassane (over 35 år) har i den samla fertiliteten. Vi veit frå før at høg samla fertilitet ofte heng saman med relativt høg fertilitet hos dei eldste årgangane av kvinner i fødedyktig alder.

Samanhengen mellom den samla fertiliteten og variansparameteren er derfor ikkje uventa. Det skal likevel vere relativt store endringar i fertiliteten for dei eldste årgangane før det gir seg merkbare utslag i variansparameteren. Reint teknisk vil den vere meir avhengig av kor høgt oppover i årgangane ein tar med data under estimeringa (sjå Berge og Hoem (1974)). Vi ser t.d. at variansparameteren for landet totalt ligg under alle fylkestala. Dette kjem først og fremst av at vi her tar med fødselsrater for eldre kvinner enn i estimeringa av fylkestala. Dette gjer vi m.a. fordi den større befolkninga gir sikre estimat for høgare aldrar (meir i Berge og Hoem (1974)).

Tabell 3.2. Fylka ordna etter samla fertilitetstal og stilt saman med variansen i aldersfordelinga av fertiliteten, prosentdel av befolkninga som bor i tettbygd\* strøk i 1970 og privat konsum\*\* pr. innbyggjar i høve til landsgjennomsnittet i 1965

Fylke	Samla fertilitetstal for 1968-71	Varians	Prosentdel av befolkninga i tettbygd* strøk i 1970	Privat konsum** pr. innbyggjar i 1965
Nr.	Namn			
03	Oslo .....	1,85	30,1	99,5
13	Bergen .....	2,30	33,6	100,0
01	Østfold .....	2,37	32,7	74,7
06	Buskerud .....	2,39	34,0	67,6
04	Hedmark .....	2,42	32,4	38,4
02	Akershus .....	2,43	31,0	74,5
07	Vestfold .....	2,46	34,9	72,8
08	Telemark .....	2,49	35,1	67,8
05	Oppland .....	2,52	35,2	40,2
16	Sør-Trøndelag .....	2,66	35,0	64,0
09	Aust-Agder .....	2,77	37,7	54,1
10	Vest-Agder .....	2,84	36,8	70,2
18	Nordland .....	2,85	36,0	53,1
17	Nord-Trøndelag .....	2,89	37,1	37,8
15	Møre og Romsdal .....	2,92	37,2	50,4
11	Rogaland .....	2,95	39,2	70,2
12	Hordaland .....	2,99	35,4	54,7
19	Troms .....	3,08	48,4	47,5
14	Sogn og Fjordane .....	3,11	41,7	33,8
20	Finnmark .....	3,36	61,2	64,9
	Riket .....	2,49	29,1	65,6
				100

\* Med tettbygd strøk meiner vi hussamlingar med meir enn 200 innbyggjarar. Sjå folketeljingshefte (kommunehefta) for meir presis definisjon. \*\* Tal fra Regionalt Nasjonalregnskap for 1965. NOS A 376. Statistisk Sentralbyrå, Oslo.

### 3.2 Fertilitetsnivået i fylka

#### 3.2.1 Fertilitetsnivå og urbanisering

I Norge finn vi at den største variasjonen i fertiliteten heng saman med skiljet mellom by og land, det som med eit ord kan kallast urbaniseringsgrad (Berge (1973)). I tabell 3.2 er det ved sida av samla fertilitetstal og varians også ført opp den prosentdelen av befolkninga i kvart fylke som bor i tettbygde strøk (sjå note til tabellen) og privat konsum pr. innbyggjar i fylket i høve til landsgjennomsnittet. Prosentdel av befolkninga som bor i tettbygde strøk er rekna ut etter folketeljinga 1970, mens indeksen for privat konsum nyttar data frå 1965 (NOS A 376). Den samla fertiliteten er estimert på data frå perioden 1968 til 1971. Sidan vi her berre skal kommentere tydelege tendensar i tala og det ikkje er rimeleg å tru at relasjonane mellom fylka har endra seg vesentleg korkje for befolkning i tettbygde strøk eller for privat konsum i tida 1965 til 1971, meiner vi å kunne nytte data frå ulike periodar saman.

Befolkningsdel i tettbygde strøk er ikkje nokon serleg god indikator på det vi til vanleg meiner med urbanisering. Når vi skal dømme om graden av urbanisering tek vi til vanleg m.a. omsyn til samansetninga av næringslivet, og lokaliseringa i høve til hovedstad og landsdelssentra. Dette skal vi imidlertid komme attende til i tolkingane.

I dei åtte fylka i tabell 3.2 som har eit samla fertilitetstal under landsgjennomsnittet, bor 77,2 prosent av befolkninga i tettbygde strøk. I landet totalt bor 66,5 prosent av befolkninga i tettbygde strøk.

Samanhengen mellom fertilitetsnivået og dette målet på urbanisering synest altså å vere tydeleg nok.

Figur 3.1 viser det samme og gir oss høve til å vurdere tala for dei einskilde fylka litt nærmare.

Vi finn klare avvik fra hovedtendensen. Hedmark og Oppland har begge lav fertilitet særleg sett i høve til den vesle delen av befolkninga som bur i tettbygde strøk. Vi finn også at Vest-Agder, Rogaland og Finnmark har høgare fertilitet enn det ein ville vente ut fra andelen av befolkninga i tettbygde strøk.


At Finnmark fell så langt utanom mønsteret viser at vi må ta omsyn til at andelen av befolkninga i tettstader betyr ulike ting i dei ulike landsdelane. Både naturtilhøva og næringslivet har i Finnmark vore med å forme bosettingsmønsteret i retning av små tettstader med nokre få hundre menneske.

Til vanleg vil det vere ei viss spreiing i storleiken av tettstadane slik at ein stor del av befolkninga i tettstadar samtidig indikerer at ein del av befolkninga bur i større bysamfunn. For Finnmark gjeld ikkje dette og variabelen vår er her ein dårlig indikator på det vi meiner med urbanisering.

Den samme forklaringa kan ikkje vere gyldig for dei klare avvika til Hedmark/Oppland og Vest-Agder/Rogaland. Av det må vi dra den slutninga at urbaniseringsgrad aleine ikkje er tilstrekkeleg til å forklare fertilitetsmønsteret i ein region.

Alt Eilert Sundt registrerte ein tydeleg samanheng mellom vilkåra for næringslivet og giftarmålsratene (Sundt, 1866). Samanhengen mellom tilhøva for næringslivet og dei vitale ratene har også seinare vore studert i mange samanhengar (sjå t.d. Thomas (1927) og Easterlin (1968)). Både ekteskapsrater, fødselsrater, skilsmissesrater og dødsrater varierer meir eller mindre i takt med tilhøva i næringslivet. Vi vil rimelegvis finne tilsvarende resultat her i landet i dag. Dei tidlegare resultata har mye basert seg på tidsseredata for eit enkelt land. Men det er kanskje ikkje urimeleg å vente at ein vil finne liknande skilnader mellom ulike regionar i eit land på eit bestemt tidspunkt som dei ein kan finne for ein region på ulike tidspunkt.

Figur 3.1. Samla fertilitet, prosentdel av befolkninga i tettbygd strøk og privat konsum pr. innbyggjar for fylka i Norge.



Samanliknar vi no Vest-Agder/Rogaland med Hedmark/Oppland med tanke på karakter og utvikling av næringslivet synest det å vere markerte skilnader.

I Austlandsfylka har dei viktigaste næringsvegane vore jordbruk og skogbruk. Særleg dei siste tiåra har rasjonaliseringa i jordbruk og skogbruk ført til nedgang i talet på arbeidsplassar. Dei andre næringsgreinene i fylket har ikkje klart å ekspandere raskt nok til å absorbere både den naturlege folkeauken og straumen av arbeidarar frå jordbruk og skogbruk. Utflytting eller pendling til Oslo-regionen har vore løysinga for dei fleste av dei som ikkje fann arbeid på heimstaden.

På Sørvestlandet var jordbruk, fiske og sjøfart hovednæringane. Med grunnlag i desse næringane fekk industrien tidleg eit sikkert fotfeste. Ekspansjonen i industrien gav sysselsetting både for dei som ikkje fann arbeid i primærnæringane og for den naturlege tilveksten i arbeidskrafta. Over eit relativt langt tidsrom (samanlikna med Hedmark/Oppland) har befolkninga flytta frå landsbygda og til tettstadar langs kysten.

Det er ikkje urimeleg å tru at trygge arbeidsplassar med relativt høg lønn saman med eit optimistisk miljø omkring eit næringsliv i vekst vil verke til å auke fertiliteten. Det er heller ikkje urimeleg å tru at eit stagnerande næringsliv som gjer at folk i dei mest fertile aldrane flytter ut av fylket fører til ei noko avventande haldning også når det gjeld fødslar.

Det kan òg føre til at folk frå t.d. Hedmark/Oppland gifter seg og får barn i andre fylke for så seinare, når eit høve byr seg, å flytte attende med storparten av fødslane unnagjort. Tal fra 1966-1967 kan tyde på at dette skjer i ei viss utstrekning (Østby (1970), og personleg kommunikasjon).

Dei røynslene menneska skaffar seg i det lokale miljøet i oppveksten er viktige for dei vurderingane det gjer av kostnader og konsekvensar av ulike handlingsval. Vilkåra for næringslivet er med på å forme dette miljøet. Religionen og den lokale kulturen er andre viktige deler. For fertiliteten blir dei særleg viktige sidan dei også er viktige kjelder for normene.

Eit viktig skilje mellom Hedmark/Oppland og Rogaland/Vest-Agder som både har matrielle, kulturelle og religiøse aspekt er klasseskiljet mellom storbonde og husmann som vi tradisjonelt har hatt over store deler av Austlandet, men nesten heilt har mangla på Vestlandet (kanskje mest fordi naturgrunnlaget ikkje gav rom for nokon storbondeklasse). Denne skilnaden i klassetrakturen har hatt mye å seie for dei religiøse skilnadane (Torgersen, 1968). På Sørvestlandet fekk den religiøse lekemannsrørsla sterkt fotfeste, mens den vart ståande svakt på Austlandet. Ein kan kanskje kalle Austlandet meir sekularisert enn Sørvestlandet til tross for at Oppland/Hedmark har færre og mindre bystrøk enn Vest-Agder/Rogaland. Sekularisering av kulturen er ofte ellers noko ein ser i samband med urbanisering.

Dei skilnadane vi her har peika på, må vi òg vente kan ha verknader for fertiliteten. Men vi veit ikkje nok til å seie noko meir presist om dette.

### 3.2.2 Konsumnivå og fertilitet

Vi såg i førre avsnittet at urbaniseringsgrad berre delvis forklarer variasjonen i fertilitetsnivået. Det har vore gjort freistnader på å sjå på avgjerala om å få barn ut frå ein analogi med teorien om kjøp av varige konsumgode (Becker, 1960). Vi skal ikkje her nærme oss problemet frå denne synsvinkelen.

I den regionale nasjonalrekneskapen frå 1965 (NOS A 376) finn vi estimat av det private konsumet pr. innbyggjar i dei ulike fylka. Tala er tatt med i tabell 3.2. Dei er relative størrelser i høve til eit landsgjennomsnitt på hundre.

Variasjonar i konsumet er nært knytt til variasjonar i inntekt, og vi skal nytte konsumtala til ein freistnad på å sjå om det kan vere ein samanheng mellom inntekt og fertilitet. Av figur 3.1 går det tydeleg fram at vi har ein negativ samanheng mellom privat konsum og fertilitetsnivå. Samanhengen er tydlegare enn for urbaniseringsvariabelen vi før har sett på. Vi har før hevda at urbaniseringsgrad gav sikraste indikatoren på fertilitetsnivået. Den variabelen vi nyttar til å indikere urbaniseringsgrad kan vel berre i liten grad seiast å fange inn dei mange sidene ved dette omgrepet. Det kan godt vere at både inntekt og privat konsum er minst like gode indikatorar på

urbanisering sjølv om det er heilt andre sider ved omgrepene dei måler.

I individdata har ein funne ein negativ eller U-forma samanheng mellom fertilitet og inntekt (Bernhardt, 1971). Forklaringsane på dette legg vekt på tidskostnadane. Når løna aukar for kvinner i arbeidslivet, vil fleire kvinner velge lønnsarbeid framfor barnepass og husarbeid. Prisen på den tida kvinnene rår over, blir så høg at det blir for dyrt å nytte den til barnepass.

Ein annan faktor det blir lagt vekt på er livsstandardkrava. Når inntekta aukar, vil vanlegvis krava til kvalitet i oppseding og utdanning av barna stige (sjå t.d. Ben-Porath (1974)). Dette vil og føre til eit lavare barnetal for folk med høgare inntekter. Men når inntekta til mannen blir svært høg, tel det mindre kva kona kan bidra med gjennom yrkesinntekt. Det blir også mulig å kjøpe tenester som t.d. barnepass, matlaging osv. Dette gjer at det igjen kan bli større ønskje om barn. Det er imidlertid umulig å teste slike samanhengar med den type data vi har. Vi kan t.d. ikke vite sikkert om det er frå inntekt til barnetal at årsaksretninga går. Det er mulig at til noksake gjer at kvinnene i nokre fylke føder færre barn. Dette gjør det mulig for flere kvinner å ta arbeid. Talet på yrkesaktive i befolkninga vil gå opp, totalinntekta går opp og dermed også det private konsumet.

Mest rimelig er det vel å tru at verknadane går begge vegar. Det er opplagt at det finst andre faktorar enn inntekt som påverkar barnetalet. Den endring i inntekta som følgjer av endringar i barnetalet verkar så i neste omgang tilbake på valsituasjonen.

### 3.2.3 Utviklinga av fertilitetsnivået fra 1968 til 1973

I tabell 3.3 har vi estimat av den samla fertiliteten i fylka for dei einskilde åra fra 1968 til 1973. Vi har ordna fylka etter den samla fertiliteten i 1968. Fertilitetsnivået har minskat i desse åra. Prosentvis er nedgangen omlag den samme for alle fylka. Alle har redusert fertilitetsnivået med mellom 15 og 25 prosent. Størst er nedgangen i Troms med 25,8 prosent og Nordland med 24,7 prosent. Minst har nedgangen vore i Aust-Agder med 14,9 prosent og Sør-Trøndelag med 15,5 prosent.

Ser vi på dei einskilde åra finn vi størst nedgang frå 1969 til 1970 og frå 1972 til 1973.

Den innbyrdes rangeringa mellom fylka endrar seg lite. Med eit par unntak er det berre snakk om to-tre plassar opp eller ned på lista. I hovudsak er rangeringa den samme. Dei regionale skilnadane er like tydelege. Om det har skjedd ei endring så er det at skilnadane har blitt tydelegare. I 1968 var fertilitetsnivået i Finnmark 72,4 prosent høgare enn fertilitetsnivået i Oslo, i 1973 var det 77,9 prosent høgare.

Dei ombyttingane som har skjedd i rangordninga, kan vi kanskje forklare ved skilnader i den sosio-økonomiske utviklinga. Men dette skal vi ikkje ta opp her.

Tabell 3.3. Samla fertilitet for fylka for dei einskilde åra 1968 til 1973 når vi rangerer fylka etter fertiliteten i 1968

Fylke	1968	1969	1970	1971	1972	1973	Rang 1968	Rang 1973
<b>Nr. Namn</b>								
03 Oslo .....	2,03	1,92	1,76	1,79	1,76	1,63	1	1
04 Hedmark .....	2,51	2,61	2,30	2,42	2,24	2,05	2	3
01 Østfold .....	2,55	2,48	2,36	2,30	2,37	2,12	3	7
06 Buskerud .....	2,56	2,43	2,28	2,35	2,23	2,04	4	2
08 Telemark .....	2,59	2,59	2,46	2,41	2,32	2,11	5	6
07 Vestfold .....	2,60	2,54	2,44	2,39	2,40	2,06	6	4
02 Akershus .....	2,63	2,57	2,35	2,26	2,18	2,06	7	4
05 Oppland .....	2,65	2,66	2,43	2,42	2,33	2,20	8	8
16 Sør-Trøndelag .....	2,83	2,77	2,58	2,68	2,51	2,39	9	9
09 Aust-Agder .....	2,88	2,91	2,74	2,81	2,56	2,45	10	11
12 Hordaland .....	2,97	2,94	2,67	2,61	2,56	2,46	11	12
10 Vest-Agder .....	3,00	3,02	2,75	2,82	2,62	2,49	12	13
11 Rogaland .....	3,18	3,10	2,87	2,85	2,65	2,50	13	14
18 Nordland .....	3,20	3,04	2,80	2,79	2,61	2,41	14	10
17 Nord-Trøndelag .....	3,22	2,96	2,79	2,89	2,68	2,64	15	17
15 Møre og Romsdal .....	3,23	3,08	2,91	2,78	2,66	2,50	16	14
14 Sogn og Fjordane .....	3,27	3,30	3,18	3,05	2,96	2,75	17	18
19 Troms .....	3,41	3,32	2,94	2,98	2,81	2,53	18	16
20 Finnmark .....	3,50	3,46	3,27	3,34	3,00	2,90	19	19
Riket .....	2,68	2,60	2,42	2,39	2,33	2,17		

### 3.3 Fertilitetsmønsteret i fylka

#### 3.3.1 Modal fødealder

I tabell 3.3 og figur 3.2 har vi ordna fylka etter modal fødealder. Modal fødealder er den alderen som har høgst fertilitet. Den vil med det fertilitetsmønsteret som er vanleg seie noko om kor gamle kvinnene i dei ulike fylka er når dei føder første barnet sitt.

Freistar vi å sjå på skilnadane mellom sentrum og periferi synest det å vere ein tendens til at kvinner i utkantfylke føder første barnet sitt ganske unge og har høgst fertilitet i alderen 23-24 år. I byfylka Oslo og Bergen startar kvinnene å føde seinare og har høgst fertilitet etter 25 års alderen. Men dette biletet er ikkje eintydig. Både Sogn og Fjordane og Østfold må seiast å vise klare avvik frå det ein skulle vente ut frå førsteinntrykket. Disse avvika peikar på ein viktig skilnad i fertilitetsmønstra i dei ulike landsdelane. Vi vil komme attende til dette i eit seinare avsnitt.


Modal fødealder vil vere knytt til det lokale kulturmønsteret gjennom normer for når ein bør gifte seg og få barn og den vil vere knytt til dei sosiodemografiske tilhøva i befolkninga gjennom ekteskapsmarknaden. Dersom det i eit område finst mange fleire menn enn kvinner er det større sjanse for at fleire kvinner fortare vil finne ein ektemann enn om det er balanse mellom kjønnna. Det omvendte må sjølv sagt gjelde når vi finn fleire kvinner enn menn i eit område. Ei skeiv fordeling mellom kjønnna er i dagens samfunn ofte eit av resultata av dei flyttestraumane som går mellom ulike regionar.

Tabell 3.4. Fylka ordna etter modal fôdealder og stilt saman med talet på kvinner pr. hundre menn i alderen 15 til 29 år i 1970

	Modal fôdealder	Talet på kvinner pr. 100 menn i alder 15-29 år
20 Finnmark .....	22,97	88
19 Troms .....	23,56	89
08 Telemark .....	23,57	92
18 Nordland .....	23,61	85
01 Østfold .....	23,67	93
17 Nord-Trøndelag .....	23,73	89
07 Vestfold .....	23,75	92
16 Sør-Trøndelag .....	23,89	96
05 Oppland .....	23,96	94
06 Buskerud .....	24,00	96
15 Møre og Romsdal .....	24,01	89
04 Hedmark .....	24,05	92
11 Rogaland .....	24,28	94
10 Vest-Agder .....	24,42	92
12 Hordaland .....	24,47	90
09 Aust-Agder .....	24,49	90
02 Akershus .....	24,69	101
14 Sogn og Fjordane .....	24,91	84
13 Bergen .....	25,10	107
03 Oslo .....	25,25	106
Riket .....	24,50	94

Kvinner i aldersklassane 15 til 29 år flyttar oftare enn menn i desse aldrane og oftare mot sentrale fylke og bort frå mindre sentrale fylke (tilsvarende gjeld innanfor fylka). Næringslivet i utkantane står svakt og er nesten totalt mannsdominert. Det er på langt nær nok arbeidsplassar til å sysselsette dei kvinnene som ikkje blir gift relativt raskt etter endt skolegang. Resultatet av dette er at ei jente i ei utkantbygd har tre realistiske alternativ å velge mellom: Ho kan 1) gifte seg 2) fortsette skolegangen (dvs. flytte nærmare sentrum) eller 3) flytte dit det finst arbeid (som regel til nærmeste by). Dette har to konsekvensar: For det første fører det til at dei fleste kvinner over 20 år i utkantregionar av landet er gift, og for det andre fører det til at det i sentrale regionar (særleg byar) finst svært mange unge ugifte kvinner. Det at ugifte kvinner oftare enn menn må flytte ut av bygda for å finne arbeid fører til ein svært skeiv kjønnsproporsjon både i utkantane og i sentrum. Dette får altså følgjer for fertilitetsmønsteret.

Tabell 3.3 og figur 3.2 viser at vi for fylke har samvariasjon mellom talet på kvinner 15-29 år pr. hundre menn i alderen 15-29 år og modal fôdealder.



Når vi ser på kjønnsproporsjonen for heile aldersintervallet 15 til 29 år dekker vi over at det er størst ubalanse i aldrane 19 til 23 år. Tabell 3.4 viser den aldersspesifiserte kjønnsproporsjonen i Oslo i 1970. Tar vi omsyn til at kvinner gjerne giftet seg med menn litt eldre enn dei sjølv, ser vi at ubalansen flytter noko oppover i aldersklassane. (Dette har også samanheng med at vi fra 1946 til 1951 hadde minkande fødselskull; meir om dette i Berge (1974 a).)

Det viktige i denne samanhengen er at ubalansen på ekteskapsmarknaden fører til at i byane må kvinner vente lengre med å gifte seg enn ute på bygdene, dermed vil dei vere eldre når dei føder første barnet sitt, og modal fødealder må bli høyare.

I tillegg til dette er det rimeleg å tro at kunnskapen om prevensjon, og motiveringen for å bruke prevensjon ikke er den same i sentrale og perifere strøk. På bygdene er det vanskelegare å få tak i preventiv, og dei som er gift, kjenner kanskje ikke trøng for å nytte prevensjon før dei alt har sine to-tre barn. I byane derimot med sitt store tilbod av aktivitetar som konkurrerer med familielivet, er det rimeleg å tro at motiva for å nytte prevensjon kan vere sterkare. Dette vil føre til større spreiling av fødslane (og rimelegvis også til færre fødlar pr. kvinne). Ei større spreiling av fødslane vil også bidra til ein høyare modal fødealder.

Tabell 3.5. Aldersspesifikke kjønnsproporsjonar i Oslo 31/12 1970

Alder på kvinnene	Talet på kvinner pr. 100 menn	Talet på kvinner pr. 100 menn to år eldre enn kvinnene
18 .....	111	98
19 .....	118	101
20 .....	129	99
21 .....	126	102
22 .....	114	94
23 .....	114	113
24 .....	102	116
25 .....	103	123
26 .....	94	131
27 .....	94	133
28 .....	95	113

### 3.3.2 Gjennomsnittleg fødealder

Når vi har sett på fertilitetsnivå og modal fødealder, er det truleg lite tilleggsinformasjon i tala for gjennomsnittleg fødealder med den enkle analysemetoden vi har valgt å nytte i dette arbeidet. Fertilitetsnivået er fastlagt av det samla fertilitetstalet. Den modale fødealderen fortel oss noko om kor gamle kvinnene er når dei får første barnet sitt samtidig som den gir oss alderen då kvinnene har høgst fertilitet. Den modale fødealderen er sterkest påverka av tilhøva omkring fødselen av første og kanskje andre barnet.

Den gjennomsnittlege fødealderen gir oss den forventa gjennomsnittsalderen for alle fødslane ei kvinne vil oppleve om ho gjennomlever heile den fødedyktige perioden og føder med dei observerte fødselssannsynlighetene. Når modal fødealder er gitt, vil det særleg vere tilhøva omkring fødslane i årsklassene omkring 30-45 som vil vere avgjerdande for den gjennomsnittlige fødealderen. Men også variasjonen i aldersfordelinga av fødselsratene er sterkt påverka av fødselssannsynlighetene for desse aldrane.

Samtidig er det i alle fall empirisk ein nærliggende sammenheng mellom fertilitetsnivået og fødselsannsynlighetene i aldersklassane over 30 år. For likevel å studere litt desse samanhengane har vi laga tabell 3.6.

Med dei normer som eksisterer omkring familiestifting og fødslar, er det ikkje rimeleg å vente anna enn at aldersfordelinga av fødslane fortsatt vil likne ei eintoppa venstreskeiv kurve, slik at vi alltid vil finne at modal fødealder er mindre enn (eller lik) gjennomsnittleg fødealder. Når den eine aukar, må vi vente at den andre gjer det òg, om alt anna er likt. For å studere samanhengane mellom gjennomsnittleg fødealder og samla fertilitet og varians, må vi difor kontrollere for variasjonen i modal fødealder.

Vi har da tatt dei seks fylka med lavast modal fødealder og dei seks med høgast og ordna dei etter størrelsen av variansen. Samtidig har vi ført opp samla fertilitet og gjennomsnittleg fødealder. For fylke med lav modal fødealder finn vi at gjennomsnittleg fødealder viser klar samvariasjon både med den samla fertiliteten og med variansen. Samanhengen er ikkje like klar for fylke med høg modal fødealder. Årsaka ligg truleg i den større innbyrdes variasjonen i modal fødealder.

Av dei tre para av parametrar som kan variere saman, synest variansparametren og gjennomsnittleg fødealder å vere nærmast knytt til kvarandre. Korrelasjonen ligg stort sett mellom 0,7 og 0,9. For samla fertilitet og varians ligg den mellom 0,2 og 0,4. Samme størrelsesorden har korrelasjonen mellom samla fertilitet og gjennomsnittleg fødealder.

Tabell 3.6. Samla fertilitetstal og gjennomsnittleg fødealder for fylke med låg og høg modal fødealder

Fylke Nr.	Namn	Modal føde- alder	Samla ferti- litetstal	Varians	Gjennom- snittleg fødealder
<b>LAV MODAL FØDEALDER</b>					
01	Østfold .....	23,67	2,37	32,7	26,42
08	Telemark .....	23,57	2,49	35,1	26,55
18	Nordland .....	23,61	2,85	36,0	26,68
17	Nord-Trøndelag .....	23,73	2,89	37,1	26,87
19	Troms .....	23,56	3,08	48,4	27,49
20	Finnmark .....	22,97	3,36	61,2	27,87
<b>HØG MODAL FØDEALDER</b>					
03	Oslo .....	25,25	1,85	30,1	27,16
02	Akershus .....	24,69	2,43	31,0	26,95
13	Bergen .....	25,10	2,30	33,6	27,43
12	Hordaland .....	24,47	2,99	35,4	27,33
09	Aust-Agder .....	24,49	2,77	37,7	27,40
14	Sogn og Fjordane .....	24,91	3,11	41,7	28,12

### 3.3.3 Karakteristiske fertilitetsmønster i ulike regionar

I avsnitt 3.2.1 registrerte vi interessante avvik i hovedtendensen til samanheng mellom samla fertilitet og prosentdel av befolkninga som bor i tettbygde strøk i dei ulike fylka. Også i avsnittet 3.3.1 er det nokre fylke som slett ikkje passar inn i det mønsteret vi først synest finne. Om vi no samtidig klassifiserer fylka etter samla fertilitet og modal fødealder får vi følgande tabell.

Tabell 3.7. Fylke fordelt etter samla fertilitet og modal fôdealder for 1968-71

MODAL FÔDEALDER	SAMLA FERTILITETSTAL	
	1,85 - 2,52	2,53 - 3,36
	Østfold	Møre og Romsdal
	Hedmark	Sør-Trøndelag
	Oppland	Nord-Trøndelag
	Buskerud	Nordland
	Vestfold	Troms
	Telemark	Finnmark
22,97	Akershus	Aust-Agder
-24,05	Oslo	Vest-Agder
24,06	Bergen	Rogaland
-25,25		Hordaland
		Sogn og Fjordane

Vi kan tydelegvis skilje mellom fire fertilitetsmønster: eit austlandsmønster, eit nord-norsk mønster, eit vestlandsmønster og eit by-mønster for fertiliteten. Det mest interessante er kanskje skilnaden mellom Vestlandet og Nord-Norge når det gjeld modal fôdealder.

Ei "forklaring" på skilnaden er naturlegvis vanskeleg å gi utan tilgang til andre typer data enn det vi har. I denne samanhengen ligg truleg den viktigaste skilnaden mellom Nord-Norge og Vestlandet i normene omkring ekteskap og familiestifting. I begge landsdelane skal ideelt sett det materielle grunnlaget for samlivet vere i orden før ein gifter seg og setbu saman. Det kan imidlertid vere skilnader i normene for å få barn før ekteskapet. Dersom det på Vestlandet er utbreidde og aksepterte normer at ein ventar med å få barn til ein godt og vel er gift, mens ein i Nord-Norge godt kan ha barn saman før det endelig blir høve til å formalisere samlivet, vil dette kunne virke til at kvinnene i Nord-Norge byrjar å føde barn tidlegare enn kvinnene på Vestlandet.

For dei andre skilnadane i fertilitetsmønsteret synest skiljet mellom sentrum og periferi å vere viktigast. Skiljet Østland/By-mønster og Vestland/Nord-Norge-mønster viser det.

Skiljet mellom Østlandsmønsteret og Bymønsteret har truleg samanheng med flyttingane og den verknaden dei har på kjønnsproporsjonen.

### 3.3.4 Utviklinga av fertilitetsmønsteret frå 1968 til 1973

Tabellane 3 til 6 i appendiks A viser korleis fertilitetsmønsteret har endra seg frå år til år i dei 19 fylka vi hadde i 1973. For å sjå om det mønsteret vi fann framanfor er stabilt over tid, har vi laga tabellar av samme slag som tabell 3.7 for alle åra 1968 til 1973. Fire av dei er tatt nedanfor. Kuttpunkta for parametrane (den parameterverdien som skil mellom høg og lav verdi på parameteren) vart valgt slik at fordelinga av fylka skal vere så konstant som mogeleg. Ser vi på tidsutviklinga av kuttpunkta finn vi følgande tal:

Tabell 3.8. Kuttpunkt for parametrane når fylka skal fordelast etter samla fertilitet og modal fôdealder

År	1968	1969	1970	1971	1972	1973
Samla fertilitet .....	2,66	2,66	2,46	2,42	2,42	2,20
Modal fôdealder .....	24,1	24,1	23,8	23,9	23,8	23,8

Fra 1968 til 1970 har kuttpunktet for den samla fertiliteten minka frå 2,66 til 2,20. I same tida har den samla fertiliteten for landet totalt minka frå 2,68 til 2,17. Kuttpunktet for den samla fertiliteten ligg for kvart av åra 1969 til 1973 berre litt over rikstalet. For riket har modal fôdealder minka frå 24,5 i 1968 til 24,1 i 1973. Også her er det godt samsvar mellom nedgang i tala for riket og nedgang i kuttpunkta.

I tabell 3.9 finn vi at fordelinga av fylka i 1968 er identisk med resultatet i tabell 3.7 som nyttar gjennomsnittstal for perioden 1968 til 1971. (Ver merksam på at Bergen i 1972 vart slått saman med Hordaland til eitt fylke. I tala her er Bergen for alle åra slått saman med Hordaland.) Også i 1969 har vi samme fordelinga. Først i 1970 finn vi to avvik frå dette mønsteret (tabell 3.10). Buskerud kjem i samme kategori som Oslo og Akershus og får det vi har kalla eit by-mønster for fertiliteten. Aust-Agder skiftar òg kategori og er no plassert mellom dei fylka som har eit nord-norsk fertilitetsmønster.

Fordelingane av fylka i 1971 og 1972 er svært like. Tabell 3.11 gir fordelinga i 1972. Vi ser at Aust-Agder no er attende mellom dei fylka som har vestlands-mønster for fertiliteten. I staden har Rogaland no eit nord-norsk fertilitetsmønster. I 1971 er Buskerud tilbake til austlandsmønsteret, men i 1972 har det igjen bymønster. Det same finn vi i 1973. Dersom Buskerud i perioden 1968 til 1973 skifter fertilitetsmønster er det vel ikkje urimeleg at vi finn skiftingar fram og attende før det nye mønsteret stabiliserer seg. Fra 1972 til 1973 har vi igjen to endringar i fordelinga av fylka. Østfold skifter over til by-mønster og Rogaland får tilbake vestlandsmønsteret for fertiliteten. At Aust-Agder og Rogaland her skifter mønster frå år til år kan skuldast slumphøve, men vi kan òg tolke det som eit resultat av ein prosess der eit nytt fertilitetsmønster er i ferd med å etablere seg.

Å seie noko om årsakene til slike endringar, er sjølvsagt vanskeleg. Men det er vel ikkje urimeleg å sjå dei i samband med urbaniseringsprosessen og med endringar i levevilkåra og i normverket omkring ekteskap og fødslar. Det er då ikkje overraskande at dette i perioden 1968 til 1973 slår tydelegast ut for Buskerud og Rogaland. Utan å gå nærmare inn på det her, vil eg for Buskerud nemne storbyveksten omkring Drammen og for Rogaland oljeverksemda som mulige faktorar i endringane.

Tabell 3.9. Fylke fordelt etter samla fertilitetstal og modal fôdealder i 1968

		SAMLA FERTILITET	
MODAL FÔDEALDER	2,03 - 2,66	2,67 - 3,50	
		Østfold Hedmark Oppland Buskerud Telemark	Møre og Romsdal Sør-Trøndelag Nord-Trøndelag Nordland Troms Finnmark
25,5 - 24,2	Akershus Oslo	Aust-Agder Vest-Agder Rogaland Hordaland Sogn og Fjordane	

Tabell 3.10. Fylke fordelt etter samla fertilitetstal og modal fôdealder i 1970

		SAMLA FERTILITET	
MODAL FÔDEALDER	1,76 - 2,46	2,47 - 3,27	
		Østfold Hedmark Oppland Telemark	Aust-Agder Møre og Romsdal Sør-Trøndelag Nord-Trøndelag Nordland Troms Finnmark
25,2 - 23,9	Akershus Oslo Buskerud	Vest-Agder Rogaland Hordaland Sogn og Fjordane	

Tabell 3.11. Fylke fordelt etter samla fertilitetstal og modal fødealder i 1972

MODAL FØDEALDER

SAMLA FERTILITET	
1,76 - 2,42	2,43 - 3,34
Østfold	Rogaland
Hedmark	Møre og Romsdal
Oppland	Sør-Trøndelag
Telemark	Nord-Trøndelag
	Nordland
	Troms
	Finnmark
23,8 - 22,9	
Akershus	Aust-Agder
Oslo	Vest-Agder
Buskerud	Hordaland
25,6 - 23,9	Sogn og Fjordane

Tabell 3.12. Fylke fordelt etter samla fertilitetstal og modal fødealder i 1973

MODAL FØDEALDER

SAMLA FERTILITET	
1,63 - 2,20	2,21 - 2,90
Hedmark	Møre og Romsdal
Oppland	Sør-Trøndelag
Vestfold	Nord-Trøndelag
Telemark	Nordland
	Troms
	Finnmark
23,8 - 22,5	
Østfold	Aust-Agder
Akershus	Vest-Agder
Oslo	Rogaland
Buskerud	Hordaland
25,5 - 23,9	Sogn og Fjordane

### 3.4 Samandrag

Vi har i dette kapittelet tatt for oss fylka og studert korleis fertilitetsnivå og fertilitetsmønster har variert. Vi har freista å finne samvariasjon med enkelte trekk av samfunnsstrukturen.

Vi fann at det var negativ samanheng mellom samla fertilitet og befolkningsandel i tettbygde strøk og også med privat konsum pr. innbyggjar. For modal fødealder fann vi at kjønnssproporsjonen viste seg som ein mulig indikator på nivået av den modale fødealderen.

Imidlertid var det fleire viktige avvik frå desse hovedtendensane. Ved å kryssklassifisere fylka etter samla fertilitet og modal fødealder fann vi fire regionale mønster. Vi har kalla dei for by-mønsteret, austlandsmønsteret, vestlandsmønsteret og det nord-norske mønsteret for fertiliteten. Årsakene til desse skiljelinene er det vanskeleg å seie noko om utan tilgang til meir omfattande data for fleire analysenivå (individ, kommune og fylke). Det er ikkje urimeleg å sette skiljet mellom vestlandsmønsteret og det nord-norske mønsteret i samband med ulike normer for ekteskap og fødslar i tillegg til dei ulike livsvilkåra ein finn i dei ulike landsdelane.

#### 4 VARIASJON I FERTILITET MELLOM FERTILITETSOMRÅDE

##### 4.0 Innleiing

I kapitlet framanfor freista vi å vise at fertiliteten varierer saman med samfunnsstrukturen. Vi nyttar enkle indikatorar for nokre viktige sider ved samfunnsstrukturen og fann ein viss samvariasjon. Dei klare avvika fra hovedtendensane i samanhengane viste at fleire faktorar enn dei vi studerte måtte vere viktige.

Næringsstruktur er ein slik faktor. Under konstruksjonen av fertilitetsområda vart det teke omsyn til at kommunane i kvart område skulle ha mest mulig lik næringsstruktur.

Fertilitetsområda er både mye mindre og har ein meir homogen samfunnsstruktur enn fylka. Vi vil derfor nytte estimat av fertilitetsparametrane for fertilitetsområda til å sjå om vi kan kaste meir lys over samanhengen mellom fertilitet og samfunnsstruktur.

I appendiks B har vi gjengitt grupperinga av kommunane i fertilitetsområde, og tabell 2 i appendiks A gir ein oversikt over parameterestimata for dei ulike fertilitetsområda for perioden 1968-1971. På slutten av førre kapitlet fann vi tydelege regionale skilnader i fertilitetsmønsteret. For perioden 1968-1971 fann vi at fylka Oslo og Akershus (3 og 2) hadde eit storbymønster for fertiliteten, fylka 1 og 4 til 8 hadde det vi kalla eit aust-norsk mønster, fylka 9 til 14 hadde eit vest-norsk mønster og fylka 15 til 20 eit nord-norsk mønster for fertiliteten.


Dersom vi vil dele fertilitetsområda inn etter samme prinsippet får vi at dei tydelegaste storby-områda har nummera 8 (Asker/Bærum), 10 (Oslo), 41 (Stavanger), 48 (Stor-Bergen) og 60 (Trondheim). Når vi ser bort ifra desse nummera vil Aust-Norge stort sett vere dekka av fertilitetsområde nr. 1 til 32, Vest-Norge av område nr. 33 til 53 og Nord-Norge av område 54 til 77.

Denne inndelinga vil vere nyttig når vi skal studere dei regionale særdraga i fertilitetsmønsteret til fertilitetsområda. Men før vi går laus på det skal vi studere samla fertilitet og modalfødealder på samme måten som for fylka.

##### 4.1 Fertilitetsnivået i fertilitetsområda

Vi nyttar i kapitlet framanfor prosentdel av befolkninga som bur i tettbygde strøk til indikator på urbaniseringgraden i fylket, og vi fann ein viss samvariasjon mellom denne indikatoren og det samla fertilitetstalet som vi nyttar til å vise fertilitetsnivået.

Fylke og fertilitetsområde kan vi sjå på som to grupperingar av kommunane, der grupperinga i fertilitetsområde gir kommunegrupper med meir einsarta næringsstruktur enn grupperinga av kommunane i fylke. Vi har observert samvariasjonen mellom urbanisering og samla fertilitet for fylke (tabell 3.2).




Figur 4.1

Figur 4.1 viser korleis vi tenker oss at samla fertilitet blir påverka både av urbaniseringa og av andre faktorar. Nokre av dei uspesifiserte variabelane verkar òg på urbaniseringa. Næringsstruktur er ein av dei andre faktorane. Når vi tar den ut for seg sjølv, kan vi tenke oss følgande

skjema for årsaksverknadane:

Figur 4.2



Vi ser no igjen på samvariasjonen mellom urbanisering og samla fertilitet etter at vi har gruppert etter næringsstruktur.

I tabell 4.1 har vi sett opp dei ti fertilitetsområda som hadde lavast samla fertilitet og dei ti som hadde høgast samla fertilitet. Det er ikkje tvil om at samanhengen her er tydelegare enn i tabell 3.2 der vi hadde grupperinga fylke.

Men på grunnlag av det, kan ein ikkje seie om næringsstrukturen påverkar urbaniseringa eller fertiliteten eller begge (om effekt av gruppering sjå Blalock (1964)). Det er likevel ikkje urimeleg å tru at næringsstrukturen har betydning for begge størrelsane. (Det er vel og slik at urbaniseringa påverkar næringsstrukturen, men for å dra nytte av det må ein ha eksplisitte data for næringsstrukturen).

Tabell 4.1. Det samla fertilitetstalet i dei ti fertilitetsområda med høgaste og dei ti med lavaste samla fertilitet i 1968-1971 saman med prosentdel av befolkninga i områda som bor i tettbygde strøk i 1970

Fertilitets område nr.	Samla fertilitets tal	Prosent av befolkninga i tettbygd strøk
77	3,82	23
74	3,60	38
46	3,53	71
47	3,51	36
40	3,50	9
43	3,50	7
39	3,43	51
56	3,40	15
53	3,38	23
67	3,36	6
25	2,41	61
13	2,40	53
05	2,39	86
32	2,38	85
27	2,32	83
04	2,32	84
24	2,27	96
18	2,20	84
08	2,18	88
10	1,85	100

Tabell 4.1 viser ikkje berre ein klar samvariasjon mellom urbanisering og fertilitetsnivå. Vi finn òg store avvik frå denne samanhengen.

For område 74 er det truleg at dei topografiske tilhøva langs Finnmarkskysten saman med fiske som viktigaste næringsveg kan forklare at dei har ein relativt stor del av befolkninga buande i tett-bygde strøk. For område 47 kan noko av det same vere tilfelle, men for områda 46 og 39 må vi finne andre forklaringar. Desse to fertilitetsområda skil seg klart ut ved å ha ein høg andel av befolkninga i tettstader samtidig som dei har eit høgt samla fertilitetstall. Fertilitetsområde nr. 46 består av kommunane Stord og Karmøy, område nr. 39 består av kommunane Kvinesdal, Sokndal, Lund, Hå, Klepp, Time og Sola.

I avsnitt 3.2 fann vi at Vest-Agder og Rogaland fall utanom det generelle mønsteret for samanhengen urbanisering - samla fertilitet. Vi antyda at forklaringa kunne ligge i utviklinga av næringslivet kombinert med religiøse - kulturelle særdrag.

Betydninga av næringslivet og den kontekst det går inn i får vi en god illustrasjon av i område nr. 46. I løpet av 1960-åra fekk vi etablert eit aluminiumsverk på Karmøy og skipsverftet på Stord vart sterkt utvida. Den raske etableringa av mange nye arbeidsplassar førte til innflytting av arbeidskraft. Skipsverft og aluminiumsverk er typiske mannsdominerte arbeidsplassar. Innflyttarane vil hovudsakleg vere einslege menn eller familiær. Ekteskapsmarknaden vil dermed ha fleire tilbod til dei ugifte kvinnene som er i kommunane. Men fortsatt er det for dei fleste ugifte kvinner berre to realistiske alternativ: ekteskap eller flytting til ein kommune med arbeidsplassar for kvinner. Dette vil rimelegvis føre til tidlege ekteskap og dermed ein lav modal fødealder for dei kvinnene som blir i kommunen.

Det manglande tilbodet av arbeidsplassar for kvinner fører også til at prisen på husmødrenes tid blir lav. Samtidig vil ein liten industristad som Karmøy eller Stord ha relativt få aktivitetar som konkurrerer med barna om tida til familiene. Også inntektene i dei to kommunane ligg relativt høgt (NOS A 359), og dei er stabile samanlikna med t.d. inntekt av fiske. Alt dette peikar mot eit høgt fertilitetsnivå, noko vi altså finn.

Vi må også rekne med at dei religiøse og kulturelle særdraga som gjer at Vest-Agder og Rogaland synet avvik fra den allmenne tendensen til samanheng mellom fertilitet og urbanisering, verkar til å forsterke dei spesielle faktorane for Stord og Karmøy.

Vi nemte i avsnitt 3.2.1 at den tidlege framveksten av mindre industrimiljø truleg hadde ein del å seie for avvika til Vest-Agder og Rogaland. For kommunane i område 39 synest det som om små industrimiljø innanfor eit spesielt lokalt kulturmønster, gir den beste forklaringa på avviket fra hovedtendensen i materialet.

Ut fra det som her er sagt kan vi vere freista til å forme den hypotesen at vi får ekstra store avvik for desse to områda fordi vi får ein ekstra interaksjonseffekt mellom utviklinga i næringslivet og normverket i det lokale kulturmiljøet. Men ei utforsking av det problemet får vente.

#### 4.2 Den modale fødealderen i fertilitetsområda

I avsnitt 3.3.1 i førre kapitlet fann vi at modal fødealder varierte saman med kjønns-proporsjonen i aldrane 15 til 29 år. Vi forklarte dette ved å sjå på ekteskapmarknaden. Der det er mange fleire ugifte menn enn kvinner, vil kvinnene bruke kortare tid på å finne ein ektemann enn der det er mange fleire ugifte kvinner enn menn. Den svært skeive kjønnsfordelinga vi har i viktige aldersklassar i nokre regionar, såg vi som eit resultat av flyttingane.

Men vi fann også her tydelege avvik fra hovedtendensen. Særleg markert var avviket for Sogn og Fjordane.

Vi skal no sjå på denne samanhengen for fertilitetsområda. Tabell 4.2 viser dei ti fertilitetsområda som har lavaste modale fødealder og dei ti områda som har høgaste modale fødealder. Men i staden for å finne kjønnsproporsjonen for aldrane 15 til 29, reknar vi den no ut for aldrane 20 til 24. Det vil truleg ikkje ha mye å seie for resultatet, sidan vi finn største ubalansen i kjønnsproporsjonen i aldrane 19-23.

Tabell 4.2. Dei ti fertilitetsområda med lavaste og dei ti med høgaste modale fødealder i 1968-1971

Fertilitets område nr.	Modal fødealder	Talet på kvinner 20-24 år pr. 100 menn i 1970
59	22,47	79
70	22,58	83
76	22,66	88
03	22,79	90
26	22,89	82
75	22,89	79
14	22,93	74
11	22,98	91
65	22,98	88
46	23,05	86
44	24,48	75
52	24,53	94
40	24,54	72
37	24,58	93
48	24,82	109
18	24,86	108
41	24,88	102
10	25,25	115
49	25,32	82
08	26,10	107

Trass i at vi her finn større variasjon både i modal fødealder og i kjønnsproporsjon enn mellom fylke, synest ikkje samvariasjonen mellom dei to å vere særleg tydelegare enn i tabell 3.4.

Derimot synest avvika å vere enno meir markerte. Fertilitetsområda 49, 40 og 44 har alle ein svært lav kjønnsproporsjon samtidig som dei har høg modal fødealder. Kommunene i desse fertilitetsområda er stort sett reine jordbrukskommuner i fylka Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Avvika her fell altså saman med dei skilje i fertilitetsmønsteret vi fann i kapitlet framanfor. Vi antyda der at bakgrunnen for skilnaden mellom Vest-Norge og Nord-Norge kunne ligge i regionale skilnader i normene omkring ekteskap og samliv. At det nett er jordbrukskommunene i Vest-Norge som skil seg ut kan styrke denne hypotesen litt, og norma om å vente med ekteskapet til ein har eit sikkert levebrød kan her ha ei svært jordnær forankring. Gardane er oftast for små til å gi levemåte for meir enn ein familie. Derfor må odelsguten oftast vente med å gifte seg til søskena er vaksne og har flytt heimanfrå. Han kan då lettare ta over garden og stifte familie sjølv.

I kommunar der industri eller fiske har meir å seie for næringslivet vil ikkje ein slik mekanisme verke på samme måten, sidan odelsguten da ofte kan ta seg arbeid utanfor gardsdrifta mens han ventar på å ta over farsgarden. Dette er nok likevel berre ein del av forklaringa på at vi har ulike normer og ulike fertilitetsmønster.

#### 4.3 Fertilitetsmønsteret i fertilitetsområda

Vi skal no sjå nærmere på dei fire fertilitetsmønstera vi fann i avsnitt 3.3.3. I tabell 4.3 har vi fordelt fertilitetsområda samtidig etter samla fertilitet og modal fødealder. I nederste venstre rute skulle vi finne storbymønsteret. Fertilitetsområda 6, 7, 8 og 10 høyrer til det vi kunne kalle Stor-Oslo, område 18 er Hamar og Lillehammer, område 24 Drammen og Nedre Eiker, 27 Tønsberg med omegn, område 34 er Arendal og Grimstad med nabokommunar, område 37 er Kristiansand, 41 er Stavanger, 48 er Stor-Bergen, 54 er Molde, Kristiansund og Frei, mens 61 er kommunane Orkdal, Røros, Namsos og Levanger.

Tabell 4.3. Fertilitetsområde fordelt etter samla fertilitet og modal fødealder i 1968-1971

SAMLA FERTILITET							
1,853 - 2,730				2,731 - 3,824			
MODAL FØDEALDER	01	14	28	20	55	67	76
	02	15	29		56	68	77
	03	16	30	33	57	69	
	04	17	31	38	58	70	
	05	21	32	39	59	71	
	09	22		45	62	72	
	11	23	42	46	63	73	
	12	25	60	47	64	74	
	13	26	66		65	75	
	26,10 - 24,08	06	34	19	49		
	24,07 - 22,47	07	37		50		
	24	41		35	51		
	10	48		36	52		
	18	54		40	53		
	27	61		43			
				44			

Vi har tydelegvis å gjere med eit bymønster. Det einaste uventa her er at område 61 kjem mellom dei som har bymønster, mens område 60 som er Trondheim ikkje gjer det. Trondheim blir i staden ståande mellom dei områda som har eit aust-norsk fertilitetsmønster saman med område 42 Haugesund og område 66 Bodø og Narvik.

Ei mogeleg forklaring kan ligge i dei relative skilnadane i fertiliteten. Livet i byen verkar til å senke fertiliteten og å gi ei jamnare fordeling av fødslane utover aldersklassane. Dette er ikkje i samsvar med det nord-norske fertilitetsmønsteret der ein har både høg samla fertilitet og ei svært skeiv aldersfordeling.

Byområde med eit nord-norsk fertilitetsmønster som t.d. Trondheim, kan derfor vere like ulik naboområde som byområde i Vest-Norge eller Aust-Norge utan at dei i Nord-Norge har eit fullstendig storbymønster for fertiliteten.

Dersom det kan tenkast ein korrespondanse mellom endringar i normverket og handlemåtane til menneska i eit område og endringar i fertilitetsmønsteret i området, er det ikkje urimeleg å tru at det er lettare (dvs. det krev mindre endring i normer og handlemåtar) å endre aldersfordelinga av fødslane enn å redusere talet på barn. For å få eit storby mønster for fertiliteten vil det i område med nord-norsk fertilitetsmønster da krevast større endringar enn i vest-norske område. Mens det i aust-norske område krevst minst endring.

Ser vi no litt på dei tre andre fertilitetsmønstera, finn vi altså at tre byområde fra Vest-Norge og Nord-Norge har eit "aust-norsk" fertilitetsmønster.

Områda 19 og 20 som er dei nordlegaste kommunane i Oppland og Hedmark har henholdsvis vest-norsk og nord-norsk fertilitetsmønster. Nokså mange vest-norske fertilitetsområde viser seg å ha det

vi har kalla eit nord-norsk fertilitetsmønster. Ser vi på samansetninga av desse områda kan det sjå ut som om det er dei mest industrialiserte delane av Vest-Norge som har skift frå å ha høg modal fødealder til å ha lav modal fødealder. Dette kan styrke den hypotesen vi hadde om at der jordbruk er viktig, må ungdommen vente lengre med å etablere familiar enn der dei kan ta seg skikkeleg lønna arbeid før dei eventuelt tar over garden. Litt av samme effekten får vi på mindre industristader der det i åra etter ei utviding er liten tilgang på nye arbeidsplasser og nesten ingen avgang i arbeidsstokken som alt er ved bedriftene.

Men slike mekanismar kan ikkje forklare at Gudbrandsdalskommunane har eit vest-norsk fertilitetsmønster, mens Østerdalskommunane har eit nord-norsk fertilitetsmønster.

Det er truleg at regionale skilnader i kulturmønsteret spelar ein rolle for dette resultatet, men for å leite etter kva faktorar som er viktige i den samanhengen, må vi ha andre typer av data enn det vi har tilgang til her.

#### 4.4 Samandrag

Vi har i dette kapitlet freista å kaste lys over årsakene til at vi har regionale variasjonar i fertilitet ut over det vi kunne gjere ved å studere fertiliteten i fylka. Vi nytta da estimat av den samla fertiliteten og modal fødealder for fertilitetsområda som er definert i appendiks B.

Vi fann ein mye klarare samanheng mellom samla fertilitet og prosentdel av befolkninga som bor i tettstader. Dette tolka vi slik at næringsstruktur - som er ein viktig faktor i definisjonen av fertilitetsområda - er viktig for fertilitetsnivået. For modal fødealder fann vi ikkje noko tydelegare samanheng med kjønnsproporsjonen. Imidlertid tyda dei klare avvika frå hovedmønsteret på at tilgang på arbeidsplassar er ein viktig faktor for modal fødealder. Der det er ventetid for å overta ein arbeidsplass, vil det føre til seinare ekteskap og høgare modal fødealder. Denne hypotesen vart styrka når vi studerte fordelinga av fertilitetsområde etter samla fertilitet og modal fødealder. Vi fann da også ein viss støtte for påstanden om at regionale skilnader i kulturmønster er viktige for fertilitetsmønsteret, sjølv om skilnader i næringslivet gjer at dei regionale fertilitetsmønstera vi fann i kapittel 3 ikkje viser seg så markert lenger.

## 5 FERTILITET ETTER TYPE AV FERTILITETSOMRÅDA

### 5.0 Innleiing

Vi fann i kapitlet framanfor at næringsstrukturen i ein region var viktig både for fertilitetsnivå og fertilitetsmønster. Dette fann vi ved å studere fertilitetsområde. Byråets kommuneklassifisering (Rideng, 1974) er basert på næringsstruktur og sentralitet (i høve til fleire nivå av tettstader). Den kan lett tillempast for fertilitetsområde t.d. ved å sette typen av fertilitetsområdet lik den kommunetypen som flest av kommunane i området har, i dei høve der det er kommunar av ulik type i området. Grupperinga av kommunane til fertilitetsområde saman med type både for kommunane og fertilitetsområda er gitt i appendiks B.

Kommuneklassifiseringa er forklart i detalj av Rideng (1974). Her tar vi berre med hovedbetegnelsen på kvar kategori.

Kommunetypane er:

1. Landbrukskommuner
2. Mindre sentrale, blanda landbruks- og industrikommuner
3. Sentrale, blanda landbruks- og industrikommuner
4. Fiskerikommuner
5. Mindre sentrale industrikommuner
6. Sentrale industrikommuner
7. Særleg sentrale blanda tenesteytings- og industrikommuner
8. Øvrige tenesteytings- og industrikommuner
9. Andre kommuner

Ved å klassifisere fertilitetsområda i desse kategoriane, kan vi få ein viss oversikt over verknaden av ulike næringskombinasjonar og ulike grader av sentralitet.

Men vi får ikkje teke omsyne til dei særlege regionale faktorane som også er med på å fastlegge dei fire fertilitetsmønstera vi før har funne. For å få tak i noko av det, vil vi nytte samme grove inndeling av fertilitetsområda som vi nyttja i avsnitt 4.0.

Dei aust-norske områda med nr. 1 til 32 vil vi merke med 0, dei vest-norske med nr. 33 til 53 vil vi merke □ og dei nord-norske områda 54 til 77 merkar vi Δ. Storbyområda treng vi ikkje merke særskilt sidan dei fleste er av type 7, nokre mindre område er av type 8.

### 5.1 Fertilitetsnivået i fertilitetsområde av ulik type

Figur 5.1 har type av fertilitetsområda langs den horisontale aksen, og langs den vertikale aksen har vi samla fertilitetstala.


Vi ser av figuren at fertilitetsnivået stort sett minkar frå områdetype til områdetype i rekkefølga 4, 1, 2, 5, 3, 6 og 7. Det aritmetiske gjennomsnittet av dei samla fertilitetstala for område av samme type viser at skilnaden mellom område av type 5, 1 og 2 er liten, mellom dei andre typene er det markerte fall i gjennomsnittstala.

